



Retningslinjer for tildeling av ungdommens kulturstipend i Stryn kommune

Formål

Stryn kommune kan kvart år dele ut eit kulturstipend til ein ungdom frå kommunen som har synt at han/ho fortener karakteristikken «lovande» innan kulturfeltet.

- Kulturstipendet kan tildelast ein talentfull ungdom i utvikling. Talentet bør sjåast i høve til nasjonalt, ev internasjonalt nivå innafor det utvida kulturomgrepet
- Kandidaten må vere busett i Stryn kommune eller ha ei nær tilknytning til kommunen

Ein er oppteken av at kulturstipendet skal vere stimulerande og motiverande til vidare satsing og utvikling av talentet til den som får det.

Framlegg til kandidat og handsaming

- Alle framlegg eller søknader på stipendet skal vere skriftleg og ha ei grunngjeving
- Ein kan få stipendet ein gang
- Skule- og kulturutvalet avgjer om stipendet skal delast ut og kven som skal få det. Tildelinga krev samrøystes vedtak
- Tildelinga skal vere konfidensiell til utdelinga
- Utdeling kan skje på kommunestyret sin julemiddag i desember eller eit anna passande arrangment om hausten. Grunngjeving og tildeling av stipendet vert gjort av leiar i skule- og kulturutvalet
- Ungdommens kulturstipend kan tildelast ein person og er på kr 15 000, samt eit diplom. I særskilde tilfelle kan stipendet delast mellom to kandidatar. Kronebeløpet vert vurdert årleg og fastsett av skule- og kulturutvalet.

Frist for grunngjeve innspel eller søknad er 1.oktober

Vedteke i SK-utvalet, 24.oktober 2017